











7. trinn Salhus skule veke 51

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
8.30 	Adventsamling Juleverkstad 3 stasjonar Dompap Dekorasjon Risbollar & kokosmakroner 	Adventsamling Naturfag Metamorfe bergartar Fyfo Naturfag Det geologiske kretsløpet 	Adventsamling Norsk Grammatikk Rettskriving Engelsk Christmas 	Adventsamling Samfunnsfag Asia Musikk Rockens historie 80-talet 	Adventsamling Fellessamling i gymsalen Tema: Jul 
9.45					
10.40	Mat med midttme				
11.30	Juleverkstad Dompap Dekorasjon Risbollar & kokosmakroner Ta med kakeboks og forkle.	Engelsk Christmas  Matematikk Julekalender til matematikk.org	Juleolympiade 	Strikkhopp med Barbie 	
Slutt:	13.45	13.15	13.45	14.15	11.30

Heimearbeid denne veka: Vi kjem til å ha ein samtale på skulen fredag, der du fortel kva du har gjort!

- Skriv julekort til ei slektning du er glad i som du kanskje ikkje ser så ofte, og spør mor/far om du kan få lov å sende brevet.
- Spør mor/far heime om det er noko dei treng hjelp til fram mot jul. Utføre arbeidet dei ber om hjelp til.
- Vere med å lage middag og rydde opp minst ein gong denne veka.
- Tenke gjennom korleis du har hatt det på skulen så langt på 7. trinn. Kva har vore bra? Kva kan bli betre?
- Ring ein person i klassen du ikkje er så mykje med, og spør om de skal finne på noko i lag!
- Lese 15 minutti bok minst tre gongar før fredag.

Informasjon om veka:

Måndag skal 6.-7.trinn ha juleverkstad med 3 stasjonar, der alle elevane må ta med forkle og kakeboks. Tysdag skal vi avslutte arbeidet med stein, der vi skal lære om metamorfe steinartar(omdanna steinar) og det geologiske kretsløpet. Etter lunsj skal vi løyse matematikk.org sin julekalendar. Onsdag blir det juleolympiade i kroppsøvinga. Det er utradisjonelle kroppsøvingsaktivitetar som krev samarbeid. Fredag skal vi ha adventsamling i klasserommet, før det blir fellessamling og juletrengang i gymsalen. Skuledagen fredag sluttar kl. 11.30. Buss mot Klauvarinden går kl. 11.52 der dei som tek denne bussen får tilsyn på skulen frå kl. 11. Siste skuledag før jul kan elevane ta med seg noko godt å ete som osthorn, bolle og ein juice som drikke. (ikkje snop eller brus).

Vil med det få takke føresette og elevar for skuleåret så langt. Vel møtt til første skuledag etter jul, torsdag 2. januar kl. 8.30. Det blir ikkje laga vekeskriv for skuledagane i veke 1, 2.-3. januar. Det blir to vanlege skoledagar.

Med dei beste ønsjer for jula!

Øyvind & Stian